



Stord VVS AS
Djupamyro 3 A
5412 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4189 - 16/9866

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
12.04.2016

Godkjent røyrleggjarmelding - gbnr 202/156 Hjelmås. Bustad.

Vi viser til røyrleggjarmelding motteke 17.02.2016.

Adresse byggjeplass : Hjelmås (Helleåsen bustadfelt).
Type bygg : Nybygg bustad.
Type arbeid : Tilkopling til kommunalt vatn og avløp og utføring av sanitæranlegg.

Røyrleggjarmeldinga er godkjent på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller for høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/røyrleggjar sitt ansvar å undersøkje om det er naudsynt, og utførande røyrleggjar/abonment sitt ansvar å sørgja for og kosta dette.

Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsleidning og lavaste sluk i hus. For vassleidning som går gjennom tomt må overdekning vera på minimum 1,20 m på 63 mm. Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassleidning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Når arbeidet er utført skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen m/vedlagt situasjonsplan og innmålingsdata (som bygt).

Faktura for tilknytingsgebyr følgjer vedlagt til søkjar, og vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.



Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Krystian Niemiec

Viddalen 20

5122

MORVIK

Mottakar:

Stord VVS AS

Djupamyro 3 A

5412

STORD

